



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH

# +KOTE

DECEMBER 5, 2018

## Å SKAPE EIN STAD – RØDTVETFESTIVALEN 2018

by KOTE in Stedsutvikling

**Alle som interesserer seg for byutvikling, følger tidsstraumen, digger hip hop, og bryr seg. Dei vender blikket mot Groruddalen.**



Rødtvetfestivalen finn stad på Rødtvet skule. Festivalen er for bebuarane. For dei i blokkene og dei i husa, dei mot marka og dei over riksvegen.

Tekst: Anna Rosa Strassegger, arkitekt

I løpet av ein ettermiddag fekk Rødtvet feire sin eigen festival. Ein stad å vera frå. «Områdeidentitet». På lik linje med Stovner, Romsås, Grorud, Rommen, Ammerud og Haugenstua. Desse namna som ikkje alltid har



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH

## Rødtvetfestivalen

Men Rødtvet. Drabantby eller forstad. Eit lite byggjefelt langs Vestli-banen. Ei blokk eller fire, og noko industri. Kanskje ikkje så kjipt at det blir hippt. Så kriseramma at det eignar seg til områdeløft, med morosame workshops og utprøvingar. Likevel Groruddalen. Alt det der. Rødtvet har fått ein heilt eigen festival! Betre enn den største stålampa i verda, vil enkelte seie.



Kartet viser også riksvegen og t-banen som åler seg gjennom området. Skulevegen til halvparten av elevane går under riksvegen og langs industrien som fyllar opp dumpa mellom blokkene og riksvegen. Strekinga kan minne om ein elefantstall. To parallelle rekker med store lastebiler som kviler seg mot smale fortau på kvar sin flanke av veggen. Det er ikkje personbilar å sjå.

Initiativet kjem frå ein arkitektstudent som starta masteroppgåva i august. Ho innsåg at festival var det som måtte til, og så kom den i stand på seks vekers varsel. 20. oktober. Studenten heitar Maria Årthun. Ho delar æra for gjennomføringa med kusina Lene Wiborg og ein heil bøling andre rødtvetingar. Ifølge ho. Det gjer det heile interessant. For det er ein eigen innfallsvinkel til byutvikling som



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH

festivalprogrammet. Festivalen var delt i to deler. Fyrste del bestod av fagleg innhald: ei rekke miniforedrag med fokus på å sjå, verdsette og å ta vare på barn og unge i nærmiljøet. Frankeh Yaya Colley frå Braveprosjektet snakka om kor viktig det er med fritidsaktivitetar. Michael Ali, tidlegare gjengmedlem i Young Guns, snakka om korleis ein kan jobbe førebyggjande.

*“I tillegg til å skape  
stadsidentitet, var målet  
å gje påfyll med  
kunnskap om barn og  
oppvekstmiljø til dei som  
ikkje ellers har tid til å  
dra avgarde på foredrag.  
”*


Samstundes med foredraga vart det arrangert ei rekke aktivitetar for barna. Kurs i trafikktryggleik, fargelegging, dans med maskotten «Lyset», øve på BlimE-dansen og synge «Hjertespråk» med ei ekte MGP jr-stjerne: Solmaz. Det var òg idémyldring kring fritidsklubben Stedda og lykteverkstad til kvelden si avsluttande lysvandring.

Etter dette flytta festivalen ut i skulegarden, der det var sett opp scene. Underhaldninga starta. Det vart servert mat til inntekt for TV-aksjonen. Ved sida av matsserveringa var det ein eigen seksjon for områdekartleggjing. Kart og verktøy for å la folk markere kva dei likte, mislikte og kunne tenke seg i området. Initiativtakarane Maria Årthun frå AHO og Lene Karin Wiberg frå Rødtvet FAU styrte showet på scenen og heldt appellar.



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH



Festivalområdet ute var markert og avgrensa av farga lys frå ei rekke lyskastarar. Særleg i slutten av skumringa så medførte dette ei fortryllande stemning, der skulegarden sakte forandra seg frå ei allminneleg asfaltflate mellom nokre hus til mindre og meir flytande romlege lysboblar utan klare grenser.

Jan Bøhler song sin hyllest til Groruddalen. All den tid han kan framstå som ukrona konge av kleine politikarar «som prøver å nå ungdommen på deira eigen arena», så er hans forsøk på rap og yo! fundert i noko som framstår som eit så genuint engasjement, konsekvent over såpass mange år, at det likevel funkar på sitt vis. Det spreier glede. Den kronisk norske varaordførar Kamzy haldt ein appell. Og så var det meir.

*“Eg kjende ikkje att eit einaste av dei ellers vande fjesa, som ein kan møte på i andre urbane medverknadsarrangement i byen. Urbanistane var ikkje der. Heldigvis.”*

Festivalen vart avslutta med ei lysvandring i nærområdet. Ifølge Maria Årthun for å ta i bruk gatene på ein ny måte og tilretteleggje



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH

seng.

Ei søt forteljing, ikkje sant?



Tema er dei unge. Korleis sjå barna, og å gjere Rødtvet til å bli ein god plass å bu og vekse opp.

### Dei imaginære laga i byen

Dette er ikkje fyrste gong mellombelse hendingar spelar ei avgjerande rolle i byutvikling. Særleg gode er slike til å skape nye delte førestillingar, og å inkludere og forhandle om eigarskap. Ein treng ingen kraftige maskinar, mektige overstrukturar eller mykje kapital frå store aktørar, for å få i gang noko. Ein kan få tilført nye lag av historier, møter og minner, som endrar staden mentalt. Det kan bli som når ein forelskar seg. Plutseleg er den gråe nøytrale konturen blitt eit menneske, eller dét mennesket, og då bryr ein seg på ein heilt annan måte. Òg det motsette kan skje, eller forteiknet kan skifta. Det har stor påverknad på livet der. Her.

Rødtvetfestivalen ser ut til å vera lokal, fundert i menneska på staden. Eg kjende ikkje att eit einaste av dei ellers vande fjesa, som ein kan møte på i andre urbane medverknadsarrangement i byen. Nokre av dalen sine politikarar var invitert, men urbanistane var ikkje der. Heldigvis.



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH

eier gjere køtvet kjent for byen. Det kjendes som det viktige var å arrangere dette for Rødtvets egne bebuarar, av Rødtvets egne bebuarar, deriblant initiativtakar Maria Årthun. Det stil eit viktig spørsmål ved den ordinære rollefordelinga, og kor mykje kontroll ein skal og må ha, som initiativtakar. Og kva det har å seie for faget. Kan ein få til noko nedanfrå, få til engasjement, uten å utelukkande basere seg på ei gruppe urbanisme-idealistar og ildsjeler? Kan det vara både noko som er eigd av dei mange, og likevel noko anna enn ein loppemarknad?

Som fagperson, urbanist, vera seg arkitekt eller anna, så kan ein ha perspektivet litt ovanfrå, med ein tyngre teoretisk ballast. Men ein er alltid òg eit menneske i eit gitt miljø, og der ligg det eit potensial. I det ein forstår og aksepterer at ein kun er ein del av eit større nettverk, av naboar og folk ein ser på butikken. I dette tilfellet er Rødtvet som sosial struktur. Her kan ein, kanskje, nå ut vidare betre. Det har sjølv sagt ein del fallgruver. Men det gjerne slik med det felles eigde – ein må starte ein stad, prøve ut og forhandle seg fram – det kan ikkje vera perfekt i utgangspunktet, då missar ein prosessen, eit poeng i seg sjølv. Det er ein annleis og modig innfallsvinkel til faget frå ein arkitektstudent – der studiet jo ellers tek utgangspunkt i ganske abstraherte deler av røynda.

Festivalen er ikkje heilt eintydig, det er ikkje nødvendigvis ein svakhet. Den har pedagogiske element. I tillegg til å skape stadsidentitet, var målet å gje påfyll med kunnskap om barn og oppvekstmiljø til dei som ikkje ellers har tid til å dra avgarde på foredrag. Alle dei travle foreldra som helst berre vil få hjula til å gå rundt. På festivalen var det viktigaste dei unge på Rødtvet. Mange barn veks opp her. Dette er verda deira, den fyrste, magiske. Og den andre, når magien vert erstatta med realitetar. Sjølv sagt er staden verdt å tilføre ein stolt eigenidentitet,



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH



Lys og mørke kan forvandle kvardagsromma.  
Hendingar og efemer lysarkitektur kan sette spor i  
førestillingsverda. Skape delte minne.

COMMENT • SHARE • 0 LIKES

NEXT POST  
MINNEORD FOR EINAR



...

COMMENTS (0)

Oldest First    Subscribe via e-mail



ARTIKLER • TEMA PÅ NETT •  
PAPIRMAGASINET • OM KOTE

SEARCH

Preview

Post Comment...

Copyright © 2012-2018, [Magasinet KOTE](#)

KOTE er et uavhengig tidsskrift om våre fysiske omgivelser.

ISSN 1893-8132 (trykk) | ISSN 1893-8140 (online) | Utgivelsessted: Oslo

[Toppen av siden](#)